

HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV JUNI 2003.

ÅRGANG 39

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 – 19.00

Møtested: Klubbhuset til
Hareid IL
6060 Hareid

President: John Stennes

Visepres.: Elisabet Sundgot

Sekretær: Trygve Riise

Kasserer: Oddvar Haugen

Past pres.: Johs. J. Hareide

Styremedlem: Ingar Bigset

Styremedlem: Arve R. Røyseth

Leiar ungdoms

utveksling: Hans Gisle Holstad

Ansv. Red.: Arne Lillebø


Referent i juni: Jan-Håvard Nytun

Fødselsdager i juli:

Otto Holstad 13.07

Magnar Hatlø 30.07

100%frammøte i juni:



Møte 02. juni.

Møtet denne måndagen var lagt til aulaen på ungdomsskulen for utdeling av rotary stipend.

Otto Holstad leia møtet og ønsket alle velkomne, han orienterte om Rotary si satsing på ungdomsutveksling og om Ragnhild Bjåstad som var i Japan og Adsusa som kom hit frå Japan.

Så spelte Adsusa to stykke på piano eit frå Japan og eit Norsk stykke av Grieg. Otto gav så ordet til past. guvernør Roar Sportstøl som stod for utdelinga av stipendet, men først fortalte han tiande klassingane litt om rotary og rotarys visjon.

At det var yrke som var grunnlag for medlemskap, firevegsprøva, handcamp Norvay som i år er på Haraldvangen, Rotary s høge besjytter som er Kongen, og den internasjonale satsinga på polio pluss.

Kandidatane er utpeika på grunnlag av kretereier utarbeidde av leiinga på skulen, plangruppa og elevrådet

Stipendet er på til saman kr. 8000,- Det kan delast på ein eller fleire elevar eller ei gruppe på 3 – 4 stk.

Skulen ynskjer å honorere elevar som på best måte oppfyller desse kriteria

- Har beste karakter i orden og Åtferd
- Har ei positiv haldning til dei verdiane skulen står for, og vere ein god ambassadør for skulen.
- Tek ansvar for skulemiljøet, kjem med innspel i arbeidet mot mobbing, og gjennomfører tiltak.
- Legg fram den av sluttande prosjektoppgåva i tiande klasse som viser at:
Prosjektet er godt gjennomført etter prosjekt metoden
Innhald og orden er god
Eleven(-ane) framfører prosjektet for andre på ein fin måte.

1. premievinnar – Joar Møller
2. og 3: Karoline Grimstad og Jonas Pedersen.

Vi vill gratulere vinnarane.

Så var det kaker og kaffi, og brus til alle barna.

Møte 16. juni.

Past president Johs Hareide opna møter og ønska alle velkommen

På programmet stod det: Komité arbeid, men først sang vi: "Jeg har båret lerkens vingar".
Inkomande pres. Eliasbeth kom med forslag til nye komitear og ho hadde ein god igjenom gang av alle komiteane der kvart forslag blei i-gjennomgått.

Så fikk vi utdelt ny matrikkel, det blei kommentert at det ikkje var oppført start dato for medlemmane i den nye matrikkelen.

Møte 23. juni.

Presidenten var tilbake etter tre veker s opphold i Bulgaria, vi song ”No livnar det i lundar” så fortalte John litt frå turen til Bulgaria, han hadde vore på rotar møte i to klubbar, i Pomori der hadde dei feira eit års jubileum for klubben, så møtte han tre gangar i Nessebar.

Dette møtet var elles program fritt, det var lite frammøte siker på grunn av jonsokkaftan.

Måndag 30.juni.

Presidenten åpna møtet og ønska alle velkomne spesielt til alle dei nye som skulle opptakast.

I dag var det duka med blautkake og kaffi, siste møtet for president John, og siste møtet i månaden, med opptak av nye medlemmer ni i alt. Og deretter president skifte. Men først song vi etter ønske frå Ingar, ”Eg veit ei lita jente eg kjenner ho so vel”

President John hadde så eit lite tilbake syn på det som har hendt siste året.

Han nemnde desse tinga: Azusa og hennar opptreden, med og presentere seg på norsk ved første klubb besøk i august, ho har dette året lært mykje norsk både munnlig og skriftlig. Opptreden med pianospel på forskjellige arrangement. Han takka verts familiene og ungdoms utvekslings komiteen med Elisabet, som var kontaktperson ,og Sverre som skulekontakt på UVS.

Ved hogging til Holesanden, Røyrafesten på Holesanden med guvernørbesøk, bidrag til Hendigcamp, Pål Harris til Ivar Grimstad, og innsamlinga til vannsklia i symjehallen,

Presidenten overrekte ein sjekk på 37000,- kr. Til oppvekstsjefen Hans Gisle Holstad Som på vegne av Kommunen takka Rotary for å ha stått for innsamlinga, han håpa at vannsklia var på plass i symjehallen til hausten.

Så overtok seremonimeisteren Hallkjell Dale talesstolen og stod for opptak av nye medlemmer, Dei som vart opptekne er: Anders Rise, Eldar Holm, Nils Yngve Nupen, Asbjørn Pilskog, Håkon Eidsvik, Trine Johnsen, Arne Kvalsvik, Terje Dalsøren, og Johan Ole Brandal. Dette var det meste som var opptekne på ein gong så langt som eg kan hugse tilbake. Vi ønskjer dei nye velkommen i klubben og håper dei vil trivast.

Seremonimeisteren fortsett så med president skiftet, han løftet kjeda og dermed ansvaret av skuldrene til avtroppande John Stenes og over til påtroppende Elisabet Sundgot.

Det er ein milepel for Hareid Rotary som har fått sin første kvinnelige president, vi vil ønske

Elisabet velkommen og lykke til med ansvaret i kommande rotary år.

Elisabet takka for tilliten som første kvinelge president, ønska dei nye medlemmane velkommen, og takka John for godt utført arbeid i året som gjekk.

Så gjekk ho igjennom ting ho ville legge spesielt vekt på: møteplikta viktigheita av godt frammøte det går på trivselen i klubben, oppfølging av medlemmane ei oppgåve for fadarane og kameratskapskomiteen, støtte til Handcamp Norway ei viktig oppgåve for rotary.

Ja då ligg alt til rette for eit nytt år.